

Arbeidsvilkår for folkevalgte 2018



Revidert 27.02.18 - KS-sak 21/18



Nord-Fron kommune

Gode arbeidstilhøve for folkevalte er viktig for både rekruttering til politisk arbeid og for kvaliteten på arbeidet. Både saksbehandling og politiske prosessar har sterkt fokus på seg frå både media og innbyggjarar / brukarar, og krav til dokumentasjon og grunngiing er forsterka, m.a. gjennom lovverket.

Kommunelova har nå også lovfesta rettar og plikter for folkevalte, m.a. rett til dekking av utgifter og økonomisk tap, samt rett til arbeidsgodtgjering.

Nord-Fron kommune har hatt eit regelverk for folkevalte sine arbeidsvilkår sia 1987.

GENERELT:

1. Saksførebuinga må vere fullstendig og dekkande for saksfeltet, men likevel så stutt og konsentrert som råd. Alle saker skal til vanleg ha framlegg til vedtak. Bruk av vedlegg må ikkje vere for omfattande, og det bør alltid vere eit oversyn over evt. utrykte vedlegg.
2. Det skal lagast ein samordna halvårs møteplan. Møte i andre organ enn kommunestyret bør til vanleg haldast på dagtid.
3. Innkalling og sakliste skal til vanleg sendast ut 5 dagar før møtet. Enkelt saker kan *unntaksvis* bli sendt etter med stuttare frist, i samråd med leiar av vedkomande utval.
4. Møta bør starte presis og avviklast så effektivt og raskt som mogeleg.
5. Folkevalte må få naudsynt opplæring, m.a. i regelverk og anna som gjeld til kvar tid.

UTGIFTSDEKNING, MØTEGODTGJERING M.V.:

6. Ordføraren si godtgjering er grunnlaget - grl. - for utrekning av ytingane. Godgjerlinga til ordføraren er 93% av Stortingsrepresentantane sin faste godgjersle pr. 01.05. året før.
7. Der leiar og nestleiar av hovudutval gjer avtale om deling av oppgåver, kan godtgjeringa delast etter avtale mellom dei det gjeld.

Fast godtgjering

8. Nord-Fron kommune skal ha ordførar på heil tid. Godgjerlinga til ordføraren er 93% av Stortingsrepresentantane sin faste godgjersle pr. 01.05. året før.
9. Varaordføraren si godtgjering skal vere 11 % av grl.
10. Formannskapet sine faste medlemmer (unntatt varaordførar) får ei fast godtgjering tilsvarande 4 % av grl. (Medlemene har ingen godtgjering pr. møte.)

11. Første varamedlem til formannskapet frå kvar gruppe får ei fast godtgjering tilsvarande 2 % av grl.
12. Leiar av utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker, planutvalet og kontrollutvalet får fast godtgjering tilsvarande 4 % av grl. Leiar og nestleiar av utval for helse-, oppvekst- og kultursaker får fast godtgjering på til saman 6 % av grl.
13. Leiarar i alle andre utval og nemnder med minimum 2 møter pr. år får fast godtgjering tilsvarande 1% av grl.
14. Alle med fast godtgjering og som har eit frávær frå meir enn 1/3 av møta fører til reduksjon på 25%.
15. Det blir i tillegg utbetalt slik godtgjering til følgjande ombod, slik at den enkelte kan kjøpe seg fri frå arbeid, løne vikar eller på annan måte gjere det lettare å ta hand om funksjonen sin som folkevalt:
 - a) til dei faste medlemene av formannskapet: 2,2 % av grunnlaget.
 - b) til leiarane i dei 4 utvala: 4,8 % av grunnlaget.
 - c) til «opposisjonsgruppene» i kommunestyret til fordeling: 7,3% av grunnlaget.

Møtegodtgjering:

16. Medlemene i kommunestyret og medlemene i utvala nemnd i pkt. 12 (ikkje leiarane) får møtegodtgjering tilsvarande 1 o/oo av grl. pr. møte.
17. Medlemer/varamedlemer av andre kommunale råd, utval og nemnder, får møtegodtgjering tilsvarande 0,5 o/oo av grl. pr. møte.
18. Varamedlemene i formannskapet får godtgjering tilsvarande 2 o/oo av grl. pr. møte.
19. Repr. frå NFK i interkommunale utval / arbeidsgrupper, regionrådet og andre styre / stiftelser der Nord-Fron kommune har valde representantar, får møtegodtgjering tilsvarande 0,5 o/oo av grl. pr. møte ved innlevering av innkalling / protokoll som dokumentasjon for frammøte.
20. Det blir ikkje gitt møtegodtgjering for dei som får fast godtgjering pr. år, jfr. pkt. 8 - 14.

Tapte arbeidsinntekt:

21. Kompensasjon for tapte arbeidsinntekt blir gitt for den tida ein er borte frå arbeidet sitt (reisetid + møtetid), og kjem i tillegg til fast godtgjering/møtegodtgjering.
22. For folkevalte som får tap i arbeidsinntekt eller har andre ekstra utgifter i samband med kommunale verv, dekkjer kommunen dette tapet på grunnlag av

attest frå arbeidsgjevaren eller anna dokumentasjon.

23. For ulegitimert tap i inntekt blir kompensasjonen utrekna til timesats på 0,022 % av grl. Dette gjeld folkevalte som er sjølvstendig næringsdrivande. Maksimumsbeløpet er kr. 1.480 pr. dag.

Andre ordningar som kommunen dekkjer:

24. Skyss: Ein følgjer satsane i kommunen sitt reiseregulativ.

25. Telefon: Telefongodtgjering gis slik:
Kommunestyremedlemer (faste): kr 120,00 pr. år
Formannskapsmedlemer (faste): kr 240,00 pr. år
Leiar i etatsstyra: kr 240,00 pr. år

26. Aviser / tidsskrift:
Kommunestyremedlemer (faste): Kommunal Rapport + ei lokalavis.

27. Anna dekking:
Der folkevalde i samband med utøving av vervet har dokumentert utgifter til barnepass, omsorgsoppgåver etc., dekkjer kommunen dette.

28. Partistøtte:
Grunntilskott og stemmestilskott:
Blir utbetalt av fylkesmannen etter søknad frå partia sjølve.

Til dei partia som har representantar i kommunestyret, blir det gitt slike kommunale tilskott:

- a) til kvar partigruppe – 1,5 % av grl.
- b) pr. representant: - 2 promille av grl.

Til dei partia som har representantar i kommunestyret, blir det i kvart valår utbetalt følgjande tilskott:

- Grunnbeløp pr. parti – 1,5 % av grl.
- Pr. representant – 2 promille av grl.

29. Ettergodtgjering:
Folkevalte i verv på halv tid eller meir får slik ettergodtgjering ved utløpet av valperioda:
I 1,5 mndr. dersom vedkomande trer inn i ny stilling (eller tar til i tidlegare stilling) etter valperioda. I 3 mndr. dersom vedkomande ikkje trer inn i ny stilling etter valperioda.

SATSAR FOR 2018:**Godtgjering ordfører pr. 01.01.2018 = kr. 863.600.**

0,022 % av kr. 863.600	kr.	190
0,5 o/oo av kr. 863.600	kr.	432
1 o/oo av kr. 863.600	kr.	864
2 o/oo av kr. 863.600	kr.	1.727
1 % av kr. 863.600	kr.	8.637
1,5% av kr. 863.600	kr.	12.952
2 % av kr. 863.600	kr.	17.272
2,2 % av kr. 840.000	kr.	18.999
4 % av kr. 863.600	kr.	34.544
4,8 % av kr. 863.600	kr.	41.453
6 % av kr. 863.600	kr.	51.816
7,3 % av kr. 863.600	kr.	63.043
11 % av kr. 863.600	kr.	94.996

Revisjon av reglementet:

Redaksjonelle endringer / justert kronesum: Administrasjonssjefen

Mindre endringer: Formannskapet

Større / prinsipielle endringer: Kommunestyret

Administrasjonsutvalet sine folkevalte medlemmer får fullmakt til å ta stilling til tolkningsspørsmål vedr. utgiftsdekning og ta stilling til einskildtilfelle som ikkje blir tilstrekkeleg fanga opp av retningslinene.

Siste revidert:

Formannskapet 21.01.08 - FS-sak 02/08, 10.06.08 - FS-sak 42/08, 29.01.09 - FS-sak 03/09 og 22.04.10 – FS-sak 25/10, KS-sak 145/16.

Justert etter kommunestyret 22.02.18, KS-sak 21/18.